



## Statens vegvesen

Likelydande brev – sjå vedlagde liste

Behandlande eining:  
Drift og vedlikehold

Sakshandsamar/telefon:  
Annbjørg Svendal / 55516789

Vår referanse:  
23/234424-16

Dykkar referanse:


Vår dato:  
03.06.2024

### Varsel om oppstart av planarbeid – Rv. 7 Måbødalen, breiddeutviding og kurveutretting

Statens vegvesen skal i samarbeid med Eidfjord kommune i gang med å lage ein detaljreguleringsplan for rv. 7 ved Finnasteinsflåten i Måbødalen. Vi ber om innspel til arbeidet og inviterer til ope informasjonsmøte torsdag 13. juni kl 18:00 på Norsk natursenter i Øvre Eidfjord.

#### Beskriving av prosjektet

Riksveg 7 over Hardangervidda har stort sett ein standard med bredde på køyrebanen som tillèt køyring i to felt med gul midtstripe. Planområdet omfattar ei strekning på 2,3 km i Måbødalen med smal veg, krappe kurver og til dels dårleg sikt. På om lag 1,3 km av strekninga er det ikkje god nok bredde til gul midtstripe. Føremålet med planen er å betre vegstrekninga med økt bredde og slakare kurver slik at både framkomst og trafikktryggleik blir betre.



Postadresse  
Statens vegvesen  
Drift og vedlikehold  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim

Planområdet omfattar dagens vegstrekning, ubygd sideareal og vassdraget Bjoreio. Med i planen er og tilkomstveg til Finnasteinflåten Camping og delar av campingplassen sitt areal. Planområdet omfattar eigedomane gnr/bnr 8/1, 8/69, 9/25, 8/12, 8/13, 9/10, 9/5, 9/4, 9/3, 9/1, 9/46, 21/6, 21/228 og 23/1. Eigdomsforholda i området er uklare. Varsla parter er dei som vi trur har rettar i området. Det kan vere andre som har interesser i saka og det kan og vere at nokon av dei som får dette brevet, ikkje har interesser i området. Ved oppstart av planarbeidet er det tatt med godt med areal til planområdet for at vi skal kunne vurdere alternative løysingar. Endeleg størrelse på planområdet vil bli avklart i reguleringsplanprosessen.

Den utbetra vegen vil stort sett følgje dagens trasé og utvidinga vil truleg skje både på oppsida og nedsida av vegen. Terrenget vil få endringar med skråningsutslag og støttemurar. Viktige tema i planarbeidet vil vere: omsyn til vassdrag, kulturminne og landskap, skredfare og geotekniske utfordringar i bratt terreng.

### Gjeldande planer

Planområdet er ikkje regulert i reguleringsplanar. I kommuneplanen er arealet satt av til LNF (Landbruks-, natur- og friluftsområder). Restriksjonsområde i kommuneplanen: byggeforbod langs vassdrag (Bjoreio).

### Konsekvensutgreiing

I samband med reguleringsplanarbeidet skal det gjennomførast ei konsekvensutgreiing (KU) for å sikre at viktige miljø- og landskapsomsyn blir vurderte. Dette gjeld særskild for faget kulturminne.

### Framdrift og frist for innspel

Vi ber om synspunkt, innspel eller andre relevante opplysningar innan **2. juli**. Send det skriftleg til:


- Statens vegvesen, postboks 1010 Nordre Ål, 2605 Lillehammer

Eller på –post til:

- [firmapost@vegvesen.no](mailto:firmapost@vegvesen.no)

Merk brevet eller e-posten med saksnummer: **23/234424**.

Når merknadsfristen er ute vil Statens vegvesen gå gjennom merknader og innspel. Innspela vil ikkje bli svart ut direkte, men vil bli kommentert og vurdert i plandokumenta. Når planforslaget er klart vil det bli lagt ut til høyring og offentlig ettersyn. Det vil da vere mogleg å komme med merknader til planforslaget før politisk handsaming. Det er eit mål at planen blir lagt ut til offentlig ettersyn våren 2025 og at den blir vedtatt mot slutten av 2025.



## Informasjonsmøte

Vi inviterer til ope informasjonsmøte torsdag 13. juni kl 18:00 på Norsk naturcenter i Øvre Eidfjord.

## Aktuelt regelverk

Denne kunngjeringa er i samsvar med plan- og bygningslova § 12-8. Planen blir utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-3 og 3-7.

## Ta gjerne kontakt

Har du spørsmål om planarbeidet kan du kontakte planleggingsleiar Annbjørg Svendal på telefon: 41 25 49 93 eller e-post: [annbjorg.svendal@vegvesen.no](mailto:annbjorg.svendal@vegvesen.no).

Du kan finne meir informasjon om planarbeidet på [www.vegvesen.no/vegprosjekter/riksveg/rv7mabodalen/](http://www.vegvesen.no/vegprosjekter/riksveg/rv7mabodalen/) og [www.eidfjord.kommune.no/](http://www.eidfjord.kommune.no/)

Drift og vedlikehold  
Plan og utbygging vest 1  
Med helsing

Annbjørg Svendal  
Planleggingsleiar

*Tekst for godkjenning settes inn ved ekspedering.*

Likelydande brev sendt til  
Anne Varberg Greenwood,  
DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD,  
Ladebekken 50, 7066 TRONDHEIM  
DIREKTORATET FOR SAMFUNNSSIKKERHET OG BEREDSKAP (DSB), Postboks 2014, 3103  
TØNSBERG  
EIDFJORD KOMMUNE, Simadalsvegen 1, 5783 EIDFJORD  
Eidfjord Næringslag, Riksvegen 27C, 5783 EIDFJORD  
Eidfjord Skyttarlag, Langedalen 9, 5783 EIDFJORD  
Erling Olav Herland, Hagavegen 12, 5784 ØVRE EIDFJORD  
FRODE TVEITO, SÆBØVEGEN 12, 5784 ØVRE EIDFJORD  
HALLVARD HERLAND, Sæbøvegen 7, 5784 ØVRE EIDFJORD  
HEINE SÆBØ, SÆBØVEGEN 27, 5784 ØVRE EIDFJORD  
INDRE HORDALAND KRAFTNETT AS, Postboks 33, 5782 KINSARVIK  
Jostein Matre, Rosenlundveien 36, 5146 FYLLINGSDALEN

Linda Søgner, Lepsøyeneset 37 C, 5216 LEPSØY  
Mary Herland, Hagavegen 12, 5784 ØVRE EIDFJORD  
MATTILSYNET, Felles postmottak Postboks 383, 2381 BRUMUNDDAL  
MATTILSYNET, Felles postmottak Postboks 383, 2381 BRUMUNDDAL  
Miljøvernforbundet, Postboks 593 Sentrum, 5806 BERGEN  
NATURVERNFORBUNDET HORDALAND, Tverrgaten 4, 5017 BERGEN  
NVE Region Vest, Naustdalsvegen 1b, 6800 FØRDE  
Oddmund Hereid, Sæbøvegen 35, 5784 ØVRE EIDFJORD  
Statkraft AS – Hovedkontor, Postboks 200 Lilleaker, 0216 OSLO  
STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER  
STATSKOG SF, Postboks 63 Sentrum, 7801 NAMSOS  
Sverre Kleivkås, Legene 67, 5781 LOFTHUS  
Synnøve Varberg Cranner, Gamle Ringeriksvei 43 A, 1357 BEKKESTUA  
Thomas Varberg, Varbergsvegen 17, 5784 ØVRE EIDFJORD  
Tilsynsutvalet i Vestland for Hardangervidda nasjonalpark, Opheimsgata 31, 5750 Odda  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN  
Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet, Nore og Uvdal kommune Sentrum 16, 3630  
RØDBERG  
DIREKTORATET FOR SAMFUNNSSIKKERHET OG BEREDSKAP (DSB), Postboks 2014, 3103  
TØNSBERG